



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2805 - 16/24943

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
14.09.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/790 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.09.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå opplysningane i søknaden forstår vi at det skal leggjast stikkleidning fram til registrerte offentlege leidningar for vatn og avløp. Sjølv om vi ikkje har motteke plan for legging av leidningar fram til tilkoblingspunkt er det klart at leidningane må leggjast over på annan eigedom. Det er ikkje lagt ved rett frå grunneigar av gbnr. 137/538. Vatn og avløp er ikkje sikra.
2. Det er ikkje søkt om påkoblingsløyve for vatn og avløp til offentlig nett. Det er teknisk drift ved vann og avløp som er mynde.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.10.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut i frå dei opplysningane som ligg i saka.

Kommunen gjer elles merksam på at det ligg føre rekkefølgebestemmelsar tilknytta eigedommen som må være ivareteke før det kan påregnast å bli gitt bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Då ikkje alle rettar og erklæringar ligg føre ved innsendt søknad vert saka hansama som ei 12-veker sak.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
Therese og Geir Braseth	Hillandsvegen 3	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------